

Ordskifte

TILRÅDD LENGDE: 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Som språk- og røyndomsforvrengrar er professor Kringlen heilt påliteleg.»

Etikken i rettssalen

JUS

PER EGIL HEGGE
OSLO

Til dei fire innlegga om jus og etikk (Dag og Tid 29. april) vil eg seia dette:

Advokatane Furuholmen og Kinander har vettuge og heiderlege kritiske innvendingar som absolutt bør drøftast. Furuholmen skal nok greia seg. Og heller ikkje eg er så naiv at eg trur at alt ordnar seg med nokre førelesingar i etikk. Men

det er eit farleg signal at etikkundervisninga er noko nær sløyfa. Det kan bli for mange furuholmar og hestenesar i det juridiske landskapet av slikt.

Takk til professor Jørn Øyrehagen Sunde, som er samd med meg i at rettssystemet produserer avgjerd og ikkje rettferd. Kanskje må det vera slik. Da er det best at folk veit det.

Men så er det professor Einar Kringlen. I god psykiatrisk tradisjon – det byrja med Freud – stemplar han folk som er

usamde med han, som upålitelege, dersom dei ikkje i tillegg skal ha ein psykiatrisk diagnose. Etter kritikk for at han, og alle hans norske kollegaer, var tause om ein norsk psykiater som i årevis gjekk god for bruken av psykiatri mot opposisjonelle i Sovjetunionen, kunne han fortelja at mannen var «ukjend i fagmiljøet» (sitat frå hans eige innlegg i Aftenposten og ikkje mitt «upålitelege» referat). Eg spurde han om det var slik at den mest brukte retts-

psykiateren i landet kunne vera ukjend i fagmiljøet. Det var det. For Kringlen hadde brukt ordet i bibelsk tyding: «Han kom til sine egne, og dei kjende han ikkje.»

Også som språk- og dermed røyndomsforvrengrar er professor Kringlen heilt påliteleg. Så påliteleg at det kanskje vore best om nokon no fortel han at han har brukt taletida si i norske rettssalar. Det vil gjera saksprosessen meir påliteleg.

Per Egil Hegge er forfattar og tidlegare redaktør i Aftenposten.

Skandalen i jus-verda

JUS

JO EGGEN
OSLO

Eg ser at eg har fått eit hyggelig svar frå jusprofessor Jørn Øyrehagen Sunde. Det er likevel eit god-dag-mann-økseskaft-svar, generelt der eg spurde spesifikt. Professoren held seg på trygg avstand frå Haugestads nærlesing av dommen og Treholts høgskolenotat. Han nemner ikkje eingong det han sjølv skreiv om at dommarane bygde på «konkrete opplysningar» i Treholts notat. Men det gjorde dei altså berre når det hovde seg slik. Generelt var det nok for dei med «stikkord»: Treholt var skuldig same kva han noterte eller ikkje, og å notere blei jo elevane på Forsvarets høgskole uttrykkeleg oppmoda til. Det minner meir om hekseprosess enn rettsstat.

Eg vel å sjå Sundes svar som eit symptom, utgangspunkt for noen tankar om jus-etablisementet og Treholt-saka.

1. Treholt måtte dømmast som storspion. Men det mangla både bevis – til dømes i kofferten ved arrestasjonen – og ei høveleg tilståing. Da var det berre å begynne jakta på halmstrå. POT hjelpte til ved å fabrikkere bevis, det er nå heilt tvillaust, «no doubt», som siste britiske rapport seier. Og sjefsdommaren lukka munnen på Treholt på dette punktet.

2. Når jusprofessor Sunde ikkje vil gå inn på det konkrete, men likevel forstandig nok opnar for at saka bør drøftast, aner eg jordskjelvdimensjonane i Treholt-skandalen. Den gjeld jo nær sagt alle toppposisjonane i den såkalla rettsstaten. Éin av halmstrådommarane har klart å kravle seg opp til å bli den høgaste dommaren i landet vårt. Trekløveret Busch, Qvigstad og Kristiansen – med Gjenopptakingskommisjonen på slep – støttar seg på pillrotne politifolk og slår rundt seg med hemmelegstempel som i ein av dei betre Hollywood-filmene. Mannen det gjeld, får ikkje eingong lov å lese bestillingsverka deira. Han må sjølv aleine opplyse saka og betale for det, stilt opp mot eit førmoderne laug av like delar inhabile og inkompetente hemmelegheitskræmarar. Den finare akademiske delen av systemet teier musestilt og tel kantane sine eller i beste fall, som Sunde, kjem dei med noen abstrakte tankar. Noen ny Johs. Andenæs er ikkje å sjå, som kunne sette havresekkebukkane på plass. Takk for at vi har folk som Kai Skagen og Arild Linneberg!

Jo Eggen er forfattar.

Jurister med etikk

JUS

CURT A. LIER
OSLO

Per Egil Hegge mer enn antyder i et innlegg i Dag og Tid 15. april at landets jurister er uten etikk. Han mener dette skyldes for dårlig etikkopplæring under jusstudiet. Det første mener Juristforbundet er en grov og feilaktig generalisering. Bedre etikkopplæring og større etisk bevissthet blant juristene vil vi derimot gjerne være med å arbeide for.

Journalist og forfatter Per Egil Hegge skriver i sitt innlegg om «jurister utan etikk» og kommer med en påstand om at vi har fått «eit rettssystem som ikkje produserer rettferd. Det produserer avgjerder.» Påstanden er i hovedsak begrunnet med at rettssystemet er «folkesett av menneske som har fått for dårleg etisk opp-

læring». I sin fremstilling trekker Hegge fram flere eksempler som belyser hans syn på vårt uetiske rettssystem.

Juristforbundet organiserer jurister og advokater i privat og offentlig sektor. Vi kjenner selvfølgelig ikke til hvor etisk medlemmene opptrer i sin yrkesutøvelse. Men vi ville ikke ha problemer med å finne eksempler som gir et annet og mer etisk bilde av jurister og advokater.

Vi mener også at det er grunn til å gi et mer nyansert bilde av juristene. De framstilles gjerne som en veltalende og rik advokat eller en mørkkledd og alvorlig dommer. Dette gir ikke et tilstrekkelig bredt bilde av de ca. 20.000 norske jurister. Dagens jurister dekker en rekke yrker og roller. Du finner dem i forvaltningen, politiet, private selskaper, kommuner, NAV-systemet

og ulike organisasjoner.

Juristforbundet setter pris på at Hegge er opptatt av etikkopplæringen under jusstudiet. Jusstudenter får imidlertid forberedende undervisning i etikk. Tilnærming til jussens fagstoff er basert på rettskilder og teknikker som fanger opp etisk tenkning og refleksjon, som reelle hensyn og rimelighetsvurderinger, kontradiksjon og likebehandling. Vi tør derfor påstå at jusstudenter i mindre grad enn andre er avhengig av særskilt etikkopplæring. Juristforbundet ønsker likevel at utdanningen får et mer gjennomgående fokus på etikk. Dette er et viktig signal til utdanningsinstitusjonene.

Juristforbundet har satt fokus på etikk både i sitt prinsippprogram og i sin strategiske plan. Dessuten har vi gjennom en prosjektgruppe med medlemmer fra

forskjellige sektorer jobbet fram etiske retningslinjer for alle våre medlemmer. Disse er snart er ferdigbehandlet i forbundets organer. Vi ønsker økt fokus på etikk. Vi vil skape grunnleggende etiske holdninger hos våre medlemmer og en bevissthet rundt etisk refleksjon i arbeidshverdagen. Det krever mer enn retningslinjer på et papir.

Etikkens innhold påvirkes og utvikles gjennom faglig diskusjon, refleksjon og daglig bruk. Derfor ønsker Juristforbundet velkommen slike innlegg som Hegge her kommer med. Vi håper det kan bidra til å sette fart i diskusjonen om behovet for etikk i utdanningen av jurister. Så skal vi arbeide for en bevisstgjøring av etikken blant jurister og advokater, uansett hvor i samfunnet de arbeider.

Curt A. Lier er forbundsleiar i Norges Juristforbund.

Refsdals uro

KLIMA

PER ENGENE
BØ I TELEMARKE

Trygve Refsdal bur på Voss og hadde sikkert større grunn enn oss til å bli overraska då han fekk lesa at temperaturen på Austlandet hadde gått ned med 6 grader på åtte år, stadfesta av Met. inst. Me som bur her, vart også overraska, for 6 grader er svært mykje på åtte år. Men Met. inst. kan vise til ein nedgang i middel på 3 grader på åtte år for heile landet. Det er også svært mykje! Rett før helga melde NRK at temperaturen i Norskehavet hadde gått ned med 1,6 grader på fire-fem år, som ei forklaring på at skreien hadde kome attende til Lofoten.

For to-tre år sidan kom også silda attende til fjordane på Vestlandet, fordi temperaturen i vatnet hadde gått ned. Den sterke nedgangen i temperatur er registrert overalt der det bur folk på jorda.

I 2005 melde Helge Drange om katastrofe fordi temperaturen i havet hadde gått opp 0,2-0,3 grader på femti år. Tilsvarande var det farleg at temperaturen hadde gått opp med 0,6 grader etter 1880. Kva skal ein seia no då nedgangen i temperatur både i havet og på land er fleire gonger så stor?

Eg har før med hjelp av aktuelle naturlover bevist at det er fysisk umogleg at utslepp av CO₂ har nokon påverknad på om temperaturen går opp eller ned. Men

IPCC og medløparar har satsa alt på at utslepp av CO₂ skal føre til høgare temperatur. Målingane av CO₂-mengd, som IPCC held seg til, har vist stigande verdiar heile tida, men temperaturen har likevel gått sterkt ned dei siste åra! Det er eit sterkt bevis på at klimamodellane, IPCC og medløparar tek feil. Kor lenge må det gå før dei vedgår mistaket?

Med rette er Refsdal uroa for korleis det går med skogen viss denne trenden skulle halde fram, ikkje minst for temperaturen i vekstsesongen. Med fleire kalde somrar etter kvarandre greier ikkje trea å produsere spiredyktige frø. Skogen greier nok mange kalde år, men eit kaldare klima

kan skapa problem for reproduksjonen. 2010 var det kaldaste året på over hundre år i Noreg. Me må berre håpe på at det rettar seg.

Refsdal avsluttar med å spørja om målingane til klimarealistane og Met. inst. er til «å tru på». Han har heller ikkje tillit til det eg skriv om naturlovene, men stolar visst på at utslepp av CO₂ fører til høgare temperatur. Kan han bevise at det siste er rett, eventuelt bevise at naturlovene ikkje fungerer lenger? Det er nødvendig, for politikarane har hittil ikkje hatt bevis for å føre den såkalla klimapolitikken.

Per Engene er biolog, miljøaktivist og stiftar av organisasjonen Klimarealistene.